

Tilleggsinnkalling

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	02.06.2022
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Desse to sakene vert ettersendt i dag 31.05.2022 fordi den nødvendige dokumentasjonen frå kommune og revisor ikkje låg føre før 30.05.2022

Sakliste

- PS 18/22 Nummerert brev 03 frå revisor om Ålesund kommune
PS 19/22 Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund kommune

Ålesund, 31.05.2022

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 18/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.06.2022

Nummerert brev 03 frå revisor om Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet er kjent med at Ålesund kommune har omklassifisert delar av langsiktig gjeld til likviditetslån utan refinansiering og kommunestyrevedtak.

Revisor har i si revisjonsmelding om årsrekneskap og årsmelding 2021 teke atterhald knytt til dette forholdet.

Kontrollutvalet tek denne informasjonen med vidare i uttalen til kommunestyret om årsrekneskap og årsmelding 2021.

Bakgrunn:

I følgje kommunelova § 24-7 skal revisor melde frå skrifteleg til kontrollutvalet om følgjande forhold, dersom forholda blir vurderte som vesentlege:

- feil som kan føre til feilinformasjon i årsrekneskapen
- manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane
- manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett

Revisor skal i nummererte brev alltid melde frå om følgjande forhold:

- kvar mislege handling (uavhengig av kor vesentleg ho er)
- grunngjevinga for manglande underskrift på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege myndigheiter, og som revisor etter lover eller forskrifter skal stadfeste
- grunngjevinga for å seie frå seg revisjonsoppdraget

Utover desse punkta står revisor fritt til å melde frå om andre vesentlege forhold i nummererte brev.

Revisor skal sende nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren. Det er kommunedirektøren som har ansvaret for å rette opp eller følge opp dei feil og manglar mv. som revisor har teke opp.

Vurdering:

Revisor har sendt kontrollutvalet eit nummerert brev nr 03 datert 30. mai 2022, knytt til forhold hjå Ålesund kommune. Revisor tek i dette brevet opp forhold knytt til omklassifisering av langsiktig gjeld. Ålesund kommune har omklassifisert delar av langsiktig gjeld til likviditetslån utan refinansiering mot låneinstitusjonen og kommunestyrevedtak. Revisor peiker på at det ikkje er lovmessig grunnlag for å gjere dette. Som følgje av dette forholdet tek revisor atterhald i revisjonsmeldinga

Revisor vil i kontrollutvalet sitt møte gjere nærare greie for bakgrunnen for det nummererte brevet og grunngjevinga for at revisor tek atterhald.

Kommunedirektøren kan i utvalsmøtet gjere greie for administrasjonen sitt syn på kvifor det er gjort slik og om det er sett i verk tiltak for å rette det opp.

Det er opp til kontrollutvalet, etter å ha fått informasjon både frå revisor og kommunedirektør, til å vurdere om dette er eit forhold som er så viktig at dei ynskjer å gjere kommunestyret kjent med det.

Eller om kontrollutvalet kjenner seg trygg på at forholdet vert retta opp i og at kommunen har rutiner som sikrar at praksis er innanfor lovverket.

Sekretariatet er av den oppfatning at kontrollutvalet bør gjere kommunestyret kjent med det forholdet dette nummererte brevet peikar på og tek det derfor med i saka om uttale til årsrekneskap og årsmelding 2021.

Vedlegg

Nummerert brev 03 frå revisor - Ålesund kommune

Kontrollutvalget i Ålesund kommune

Kopi:

Kommunedirektør

Revisorbrev nr. 3

I forbindelse med vår revisjon av Ålesund Kommune sitt årsregnskap for 2021 plikter vi iht. kommuneloven §24-7 og god kommunal revisjonsskikk å informere om observasjoner som fremkommer under revisjonen og som etter vår mening er viktige og relevante i forhold til kontrollutvalgets overordnede ansvar for kommunens styring og kontroll.

Revisors formål med revisjonen er å gi uttrykk for en mening om regnskapet. Revisjonen omfatter en vurdering av den interne kontrollen knyttet til utarbeidelsen av regnskapet for å utføre revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke med det formål å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av den interne kontrollen. Forholdet som rapporteres i dette brev begrenser seg til de mangler som vi har identifisert under revisjonen som får konsekvenser for vår konklusjon i revisjonsberetningen. Rapporteringen gir således ikke en fullstendig oversikt over de svakheter som eventuelt måtte foreligge.

Beskrivelse av forhold

Omklassifisering langsiktig gjeld

Kommunen har omklassifisert deler av langsiktig gjeld til likviditetslån uten refinansiering mot låneinstitusjonen og kommunestyrevedtak. Etter vår mening har ikke kommunen tilstrekkelig lovmessig grunnlag for å omklassifisere deler av langsiktig gjeld til likviditetslån.

Lån som er tatt opp etter kommuneloven §14-15 første og andre ledd, §14-16 eller §14-17 første ledd skal klassifiseres som langsiktig gjeld, jf. budsjett og regnskapsforskriften §3-1 andre ledd. Etter vår mening vil en omklassifisering av lån kreve endringer i underliggende avtale mot finansinstitusjonen.

Etter kommuneloven §14-4 andre ledd tredje punktum skal vedtaket om årsbudsjett angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret, vi kan ikke se grunnlag for å se at likviditetslån er unntatt fra kravet om budsjettvedtak.

Forholdet får betydning for vår konklusjon i revisjonsberetningen og vil bli medtatt under avsnitt «Grunnlag for konklusjon» hvor konklusjonen avgis med forbehold om ovennevnte forhold.

Ålesund, 30.mai 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Linn Gunhild Pettersen
oppdragsansvarlig revisor

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 19/22 Ålesund kontrollutval

Møtedato
02.06.2022

Uttale årsrekneskap og årsmelding 2021 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere seg kjent med følgjande forhold før dei godkjenner årsrekneskap og årsmelding 2021 for Ålesund kommune:

- årsrekneskap og årsmelding 2021 vart levert lenge etter dei fristar kommunelova set.
- det er gjort ei omklassifisering av langsiktig gjeld til likviditetslån, utan refinansiering og kommunestyrevedtak.
- revisor tek atterhald i si revisjonsmelding knytt til denne omklassifiseringa.

Ut over dette er der ikkje andre tilhøve som skulle ha kome fram i dialog med revisor, eller gjennom kontrollutvalet sine kontrollhandlingar retta mot økonomiforvaltninga, som kunne hatt konsekvens for utvalet sin uttale.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har ansvar for at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen, det vil seie at den er i samsvar med lov og forskrift og kommunen sine egne reglement og vedtak. jf. kommunelova § 23-2.

Ansaret gjeld økonomiforvaltninga generelt og er eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret kontrollutvalet har for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Gjeldande kommunelov stiller ei rekkje nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1.

Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova styrkjer krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og kommunen sine egne reglement og vedtak.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet skal gje si innstilling, slik at dei kan ta omsyn til uttalen. jf. kommunelova § 14-3. Uttalen skal difor sendast kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal i møtet 2. juni 2022 handsame årsrekneskap og årsmelding for 2021 for Ålesund kommune mottatt i kontrollutvalsekretariatet 30. mai 2022, samt tilhøyrande revisjonsmelding frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor datert 30. mai 2022.

Ålesund kommune har i 2021 eit netto driftsresultat på kr 2 097 805 i kommunekassa og eit netto negativt driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 8 679 794. Revisor har i revisjonsmeldinga teke eit atterhald knytt til omklassifisering av langsiktig gjeld til likviditetslån, men ikkje gitt andre merknader til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemme kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalde. Verken kommunelov eller kontrollutvalsforskrift stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyte seg til forhold i årsrekneskap eller årsmelding og tilhøyrande revisjonsmelding. Vi vil likevel ta med eit kort avsnitt om finansielle måltal og budsjettavvik.

Årsrekneskapen

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og at kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Grunnlaget for denne kontrollen er den avlagde årsrekneskapen, årsmeldinga (årsberetninga) og revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet kan føreslå endringar i årsrekneskapen dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk.

Oppdragsansvarleg revisor har supplert kontrollutvalet med relevant informasjon gjennom året og ingen andre avvik enn det som er omtalt knytt til omklassifisering, er rapportert eller avdekt.

Revisor stadfestar at kommunen har oppfylt si plikt med registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane i tråd med lov og god bokføringsskikk, med unntak av det atterhaldet revisor tek i si melding.

Kommunedirektøren si årsmelding

Årsmeldinga (årsberetninga) skal mellom anna omtale tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske utvikling og stilling, og om desse tek vare på den økonomiske handleevne over tid.

Årsmeldinga skal innehalde ei vurdering av:

- Kommunen si måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg verdi for kommunen eller innbyggjarane.
- Tiltak som er sett i verk og tiltak som blir planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard.

- Den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling av kjønn.
- Kva kommunen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta til arbeidsgivar etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

Årsmeldinga gjev tilfredsstillande opplysningar sett opp mot desse punkta. Revisor melder i si revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, med unntak av atterhaldet knytt til omklassifisering av langsiktig gjeld. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga for øvrig stemmer overeins med årsrekneskapen.

Finansielle måltal

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å ta vare på den økonomiske handleevna. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av kommuneøkonomien, og omtale av utviklinga for desse finansielle måltal bør finnast i årsmeldinga, jf. kommunelova § 14-7 punkt a. I årsmeldinga 2021 for Ålesund kommune finn vi desse måltala omtalt i dei siste avsnitta under kapitelet "Vurdering av den økonomiske situasjonen".

Budsjettavvik

Det er etter kommunelova stilt krav til at kommunedirektøren i årsmeldinga gjer greie for moglege budsjettavvik. Vi finn dette grundig omtalt i kommunedirektøren si årsmelding (årsberetning)

Revisor omtaler dette i si melding og her gjer revisor greie for det ansvaret som ligg i å forklare både beløpsmessige avvik og premissane for desse.

I revisor sin konklusjon går det fram at årsmeldinga gjev tilstrekkeleg informasjon for vesentlege budsjettavvik.

Andre forhold

Sekretariatet gjer kontrollutvalet merksam på at alle dei nødvendige dokument kom frå kommunen først 30. mai og revisor si melding kom då same dag. Denne forseinkinga gav knappe tidsmarginar og det vart krevjande å gjere ei forsvarleg saksutgreiing jf. kommunelovsa 23-7 andre ledd, knytt til sak om uttalen frå kontrollutvalet.

Konsekvensen av desse knappe tidsmarginane vart at sakspapira vert ettersendt til kontrollutvalet knapt to dagar før utvalet sitt møte. Kontrollutvalet må sjølv vurdere om dei då har fått nok tid til å kunne gje sin uttale i møtet 2. juni.

Konklusjon

Kontrollutvalet har eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale på bakgrunn av å ha fått ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året. Det vere seg plan for revisjon, forenkla etterlevingskontroll, interimrevisjon, unummererte forhold og eit nummerert forhold.

Med bakgrunn i det nummererte forholdet er revisjonsmeldinga gjeven med eit atterhald. Atterhaldet er knytt til at der er gjort ei omklassifisering av langsiktig gjeld til likviditetslån, utan refinansiering og kommunestyrevedtak. Dette er eit forhold som kommunestyret bør verte kjent med før dei godkjenner årsmelding og årsrekneskap 2021

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at kommunestyret gjer seg kjent med det nevnte forhold før dei godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2021.

Vedlegg

Uavhengig revisor si melding 2021 - Ålesund kommune
Årsmelding 2021 korrigert - Ålesund kommune
Årsrekneskap 2021 - samlefil
Årsrekneskap 2021 konsolidert - samlefil

Til kommunestyret i Ålesund Kommune	Kopi: Kontrollutvalget Formannskapet Kommunedirektøren
-------------------------------------	---

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon med forbehold

Vi har revidert Ålesund Kommunes årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 2 097 805 og et netto driftsresultat i det konsoliderte årsregnskapet på kr 8 679 794.

Årsregnskapet består av:

- Kommunekassens årsregnskap, som består av balanse per 31. desember 2021, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.
- Konsolidert årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2021, driftsregnskap, investeringsregnskap, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og noter, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening:

- oppfyller kommunekassens årsregnskap, med unntak av virkningen av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold», gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av kommunekassens finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.
- oppfyller det konsoliderte årsregnskapet, med unntak av virkningen av forholdet som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold», gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Ålesund Kommune som økonomisk enhet per 31. desember 2021, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen med forbehold

Kommunen har omklassifisert deler av langsiktig gjeld til likviditetslån uten refinansiering mot låneinstitusjonen eller kommunestyrevedtak.

Lån som er tatt opp etter kommuneloven §14-15 første og andre ledd, §14-16 eller §14-17 første ledd skal klassifiseres som langsiktig gjeld, jf. budsjett og regnskapsforskriften §3-1 andre ledd. Etter vår mening vil en omklassifisering av gjeld kreve endringer i underliggende avtale mot finansinstitusjonen.

Etter kommuneloven §14-4 andre ledd tredje punktum skal vedtaket om årsbudsjett angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret, vi kan ikke se grunnlag for at likviditetslån er unntatt fra kravet om budsjettvedtak.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i avsnittet "Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet". Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Kommunedirektøren er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen og den øvrige informasjonen som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter den lovbestemte årsberetningen og annen informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker verken informasjonen i årsberetningen eller annen øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen og annen øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen, annen øvrig informasjon og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen og annen øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen eller annen øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil.

Som beskrevet i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold» ovenfor, har kommunen ikke tilstrekkelig lovmessig grunnlag for å omklassifisere deler av langsiktig gjeld til likviditetslån. Årsberetningen og annen øvrig informasjon er basert på det avlagte årsregnskapet.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen, med unntak av virkningen av forholdet beskrevet i avsnittet over,

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Kommunedirektørens ansvar for årsregnskapet

Kommunedirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Kommunedirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver ved revisjonen av årsregnskapet vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Ålesund Kommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon med forbehold

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi, med unntak av virkningen av forholdet som er beskrevet i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med forbehold» nedenfor, ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Grunnlag for konklusjon med forbehold

Som omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen med forbehold» under uttalelsen om årsregnskapet ovenfor, har kommunen ikke tilstrekkelig lovmessig grunnlag for å omklassifisere deler av langsiktig gjeld til likviditetslån.

Kommunedirektørens ansvar for redegjørelse om budsjettavvik og revisors oppgaver og plikter knyttet til uttalelsen om budsjettavvik

For videre beskrivelse av kommunedirektørens ansvar og revisors oppgaver ved uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik vises det til www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Andre forhold

Denne beretning erstatter tidligere avgitt beretning, datert 19.april 2022, som ble avgitt ved utløpet av kommunelovens frist for å avlegge revisjonsberetning. Fullstendig årsregnskap var på dette tidspunkt ikke avgitt av kommunedirektøren, og årsberetning var ikke utarbeidet.

Ålesund, 30. mai 2022

Møre og Romsdal Revisjon SA



Linn Gunhild Pettersen
oppdragsansvarlig revisor

Årsberetning 2021

Ålesund kommune

Årsberetning

Kommunen si årsberetning er heimla i kommunelova § 14-7 og skal dekke dei formelle krava kommunen har til rapportering av eigen verksemd i året som har gått. Årsberetninga inngår som ein del av kommunen si samla årsmelding. 2021 var eit utfordrande år økonomisk. Les meir om det i dette kapittelet. Her finn du også vesentlege avvik, status mål, etikk og likestilling.

Arbeid med å nå mål

Etter etableringa av nye Ålesund kommune frå 01.01.2020 har det vore arbeid med etablering av sentrale styringsdokument for den nye kommunen. I utgangspunktet gjaldt dette kommuneplanen sin samfunnsdel og fire overordna strategiar (folkehelestrategi, grøn strategi, næringsstrategi og strategi for tenesteutvikling og nyskaping). Det er seinare utarbeidd ein strategi for helse- og velferdsområdet.

I styringssystemet til kommunen skal dei overordna styringsdokumenta følgjast opp gjennom den fireårige handlings- og økonomiplanen og dei årlege budsjetta og verksemdsplanane som styrer rammer og aktivitet i verksemdene (den operative delen av styringssystemet). Realisering av mål og strategiar i dei overordna styringsdokumenta føreset prioritering i den operative delen, og vil bli rapportert i tertialrapportar og årsmeldingar.

Handlings- og økonomiplan for 2021 – 2024 vart vedtatt i kommunestyret 10.11.2020. Dette var før behandlinga av kommuneplanen sin samfunnsdel der vedtak vart fatta i kommunestyret 14.01.2021. Dei fire overordna strategiane vart vedtatt 27.05.2021. På grunn av rekkefølgja på vedtaka resulterer dette i at mål og strategiar frå dei overordna styringsdokumenta ikkje er innarbeidd i den operative delen av styringssystemet (handlings- og økonomiplan, årsbudsjett og verksemdsplan) i 2021. Dette vil i staden skje gjennom handlings- og økonomiplanen for 2022 – 2025 og tilhøyrande årsbudsjett og verksemdsplan.

På denne bakgrunnen er det ikkje mogleg i 2021 å rapportere systematisk på måloppnåing kopla til mål i dei overordna styringsdokumenta. Dette vil først kunne skje i årsmeldinga for 2022.

Når det er sagt inneheld den vedtekne økonomiplanen for 2021 – 2024 klare mål og prioriteringar. Ålesund kommune er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, og det er eit klart mål at kommunen må omstille og effektivisere for å skape økonomisk balanse på sikt og unngå innmelding i ROBEK på kort sikt. Det har i 2021 vore arbeid systematisk for å oppnå dette. Som døme på dette kan mellom anna nemnast prosjekt i regi av Agenda Kaupang, der helse- og velferdstenestene vart analyserte. Dette analysearbeidet resulterte i vedtaket av «Strategi for helse- og velferdsområdet i Ålesund kommune: Heilheitleg omsorgstrapp». Denne strategien er ein viktig faktor i den omstillinga som er nødvendig i åra framover.

Vidare har det i 2021 vore arbeid med organisasjonsmessige tilpassingar til lågare økonomiske rammer. Dette har resultert i ein ny og strammare organisasjon som har tredd i kraft frå 1. mars 2022.

Nærare gjennomgang av omstillingstiltak i 2021 går fram av kommentarane til det økonomiske resultatet i dei enkelte kommunalområda.

Vurdering av den økonomiske situasjonen til kommunen

Betring, men framleis store økonomiske utfordringar

Ålesund kommune vart skipa etter samanslåing av Sandøy, Ørskog, Skodje, Haram og Ålesund kommunar i 2020. Den nye kommunen sine to første driftsår har vore svært krevjande, først og fremst fordi ein hadde med seg svært store ubalansar i drifta til dei fem gamle kommunane. Etter det første driftsåret var resultatet eit tomt disposisjonsfond og eit oppsamla meirforbruk på nesten 141 millionar kroner, med frist for tilbakebetaling seinast i løpet av 2022.

I tillegg til eit svært vanskeleg økonomisk utgangspunkt, har handsaming av koronapandemien kravd store ressursar. Dette har råka den kommunale organisasjonen hardt. Det er utfordrande å drive omstillingsarbeid i den skalaen som er naudsynt, parallelt med handteringa av ein global pandemi.

Kommunestyret har gjort vedtak om at Ålesund kommune skal styre etter følgjande langsiktige finansielle måltal^[1] (gjeldande for 2021):

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld skal ikkje overstige 75 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 5 % av brutto driftsinntekter.

Netto driftsresultat vert ofte omtalt som det viktigaste økonomiske nøkkeltalet for ein kommune, mellom anna fordi det er eit uttrykk for balansen mellom laupande inntekter og kostnader gjennom rekneskapsåret. Om ein gjer ei teknisk samanslåing av kommunane Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sandøy for 2019, ser ein at desse kommunane hadde eit netto driftsresultat på -2,4 % dette året. Netto driftsresultat for 2020 vart marginalt betre med -2,2 %. Netto driftsresultat for 2021 var 159 millionar kroner betre enn året før, og var så vidt positivt med 0,04%.

Gjennom året har kommunen nytta ein del midlar frå bundne driftsfond. Dette har gjort at kommunen sitt resultat etter fondsdisposisjonar vart positivt med om lag 25 millionar kroner. Dette mindreforbruket bidrar til å redusere det oppsamla meirforbruket frå tidlegare år til om lag 116 millionar kroner. Disposisjonsfondet er framleis lik 0.

Kommunen si lånegjeld er i hovudsak delt mellom kommunekassa, eigedomsføretaket og brannføretaket. Netto korrigert lånegjeld^[2] auka med om lag 280 millionar kroner frå 2020 til 2021, medan gjeldsgraden vart redusert med om lag 0,9 prosentepointar til 97,4 % (målt i høve til brutto driftsinntekter i kommunekassa).

Dei finansielle måla er sett nettopp for å sikre at kommunen skal ha økonomisk handleevne over tid. Rekneskapen for 2021 (og for så vidt også for 2019 og 2020), syner at ein er langt unna å nå dei finansielle måla som vart sett. Vi ser ei stor betring i netto driftsresultat og ei marginal betring i gjeldsgrad, medan disposisjonsfondet framleis er tomt og kommunen har eit stort akkumulert meirforbruk. Dette underbyggjer kor viktig det store omstillingsarbeidet som er på gang er, slik at kommunen igjen kan vinne att den økonomiske handleevna.

Kommunedirektøren vurderer den samla økonomiske situasjonen til Ålesund kommune som svært alvorleg. Ein har fortsett ubalansar i drifta, reservane i form av eit disposisjonsfond er tømt, og organisasjonen er sliten etter ein lang periode med både økonomisk krise og pandemi. Det hastar med å gjere dei rette vala for å redusere driftsnivået. Dette er ikkje enkelt, men heller ikkje umogeleg. Likviditetssituasjonen til kommunen er god.

^[1] Målet for gjeldsgrad er endra frå og med rekneskapsåret 2022.

[2] *Renteberande gjeld med fråtrekk av ubrukke lånemiddel, ubundne driftsfond og investeringsfond, lån til vidareutlån og evt. udekka beløp i investeringsrekneskapen.*

Avvik mot budsjett

Frie inntekter og finanspostar

Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter i 2021 vart langt høgare enn det ein hadde sett føre seg når opphøveleg budsjett vart vedtatt av kommunestyret. Dette gjeld både for statlege overføringar og skatt og inntektsutjamning. Det er to hovudforklaringar på dette: Kompensasjon for høge utgifter til koronapandemien og svært høg vekst i kommunen sine skatteinntekter. Budsjetterte inntekter er blitt revidert opp gjennom året. Rekneskapen syner likevel vesentlege meirinntekter.

Statlege overføringar i form av rammetilskot vart om lag 47 millionar kroner høgare enn budsjettert. Avviket kan forklarast med at kommunen fekk om lag 30 millionar kroner i inntektsutjamning i desember, i tillegg til at kommunen fekk ein høgare kompensasjon for korona-utgifter enn det ein hadde budsjettert med i desember.

Skatteinntektene til kommunen vart om lag 45 millionar kroner høgare enn revidert budsjett, og heile 179 millionar kroner høgare enn opphøveleg budsjett. For kommunane auka skatteinntektene i snitt med om lag 16 % i 2021 samanlikna med året før. For Ålesund var veksten på 13 %. Målt i kroner pr. innbyggjar har skatteinntektene aldri vore høgare enn dei var i fjor.

Eigedomsskatten i kommunen vart i 2021 om lag som budsjettert, medan andre generelle driftsinntekter vart om lag 33 millionar kroner høgare enn budsjettert. Avviket skuldast i hovudsak at koronakompensasjon er inntektsført på denne posten.

I sum vart dei frie inntektene til kommunen om lag 125 millionar kroner høgare enn revidert budsjett.

Overføringar og tilskot frå andre – frå økonomisk oversikt drift

Samla overføringar og tilskot frå andre vart 747,9 millionar kroner. Dette er 405,8 millionar kroner meir enn det som er budsjettert. Hovudforklaringa på avviket er at kommunen praktiserer nettobudsjettering, der ein mellom anna normalt ikkje budsjetterer med refusjonar for sjukeløn og fødselspengar, og heller ikkje budsjetterer med motposten som normalt vil vere vikarkostnader. I ei bruttooppstilling av inntekter og kostnader vil ein difor få store avvik.

Refusjon for sjukeløn og fødselspengar utgjer aleine 204 millionar kroner, medan mva.-kompensasjon utgjer ytterlegare 81,2 millionar kroner.

På konto 1700 refusjon frå staten fekk kommunen ei meirinntekt på om lag 101 millionar kroner. 48 millionar kroner av dette er refusjon for utgifter kommunen har hatt i samband med ordninga med innreisekarantene korona. Vidare har kommunen fått tilskot til vidareutdanning av lærar på 12,4 millionar kroner som er ført på denne kontoen.

Driftsutgifter – frå økonomisk oversikt drift

Driftsutgiftene til kommunen vart om lag 555 millionar kroner høgare enn budsjettert. Til ein viss grad er forklaringa at kommunen driv nettobudsjettering, slik at ein naturleg nok vil få avvik mot budsjett på visse bruttopostar. Hovudforklaringa på avviket på bruttopostane er som følger:

Lønnskostnadane vart 261 millionar kroner høgare enn budsjettert. Forklaringa er løn og ulike tillegg til vikarar, samt overtidskostnader. Til saman utgjer dette 274 millionar kroner. Merk også at det var eit lite mindreforbruk på fastlønn. Meirforbruket på løn må sjåast i samanheng med mottekne refusjonar for sjukeløn og fødselspengar på om lag 204 millionar kroner – ref. førre avsnitt. Samstundes vart dei sosiale utgiftene om lag 109 millionar kroner lågare enn budsjettert. Dette skriv seg i hovudsak frå lågare pensjonskostnader enn det som vart lagt til grunn i budsjettet.

Kjøp av varer og tenester vart 279 millionar kroner høgare enn budsjettert. Kostnader knytt til koronapandemien forklarar 85,3 millionar kroner av dette meirforbruket. Om lag 29 millionar kroner skriv seg frå kjøp av tenester frå private, medan 15 millionar kroner skriv seg frå kjøp av tenester frå andre kommunar (i hovudsak betaling for skuleplassar i andre kommunar). For kjøp av vikartenester er det eit meirforbruk på 44,7 millionar kroner. I tillegg er det ei rekke mindre utgiftspostar som har budsjettavvik.

På same måte som ein ikkje budsjetterer med mva-kompensasjon, budsjetterer ein heller ikkje med motposten som er meirverdiavgift. Avviket knytt til denne posten utgjer om lag 81,2 millionar kroner.

Finanspostar

Kommunen har renteinntekter på bankinnskot og utlån, til dømes ansvarleg lån til Tafjord Kraft AS. Samla renteinntekter i 2021 var på om lag 100 millionar kroner, noko som er om lag 1 million kroner mindre enn budsjettert. Ein vesentleg del av renteinntektene er renter på konserninterne lån, der lån til eigedomsføretaket utgjer brorparten.

I 2021 fekk kommunen utbetalt utbytter på til saman 23,6 millionar kroner, noko som er om lag 1 million kroner meir enn budsjettert. Utbyttet frå Tafjord Kraft AS var på 10,8 millionar kroner, medan Bingsa Gjenvinning AS betalte eit utbytte på 7,43 millionar kroner og Ørskog Energi AS betalte 2,8 millionar kroner i utbytte.

2021 vart eit år med god utvikling i dei fleste finansmarknadane. Dette gjorde at kommunen fekk ei langt høgare avkastning på sin finansportefølje enn det som var budsjettert. Ein reknar med at kommunen sine langsiktige plasseringar vil gi ei gjennomsnittleg årleg avkastning på om lag 6,5 % over tid. Budsjettert avkastning på finansporteføljen var 22,2 millionar kroner, medan fasiten syner 48 millionar kroner. Meiravkastninga var på 25,8 millionar kroner.

Finansreglementet regulerer mellom anna graden av rentebinding som kommunen skal ha. Ved å ha relativt kort rentebinding har ein gjennom heile 2021 nytt godt av historisk låge pengemarknadsrenter. Rentekostnadane vart 85,8 millionar kroner, noko som er om lag 4,3 millionar kroner lågare enn budsjettert og heile 33,1 millionar kroner lågare enn året før. Merk at dette er rentekostnader for både kommunekassa og dei kommunale føretaka. Dette skuldast at føretaka vert finansiert gjennom låneopptak i kommunekassa, som deretter låner vidare til føretaka. Føretaka betalar difor renter til kommunekassa. For 2021 utgjorde dei konserninterne renteinntektene 63,9 millionar kroner. Merk at denne inntekta vart budsjettert på konto 1900 renteinntekter bankinnskot, medan inntekta er bokført

på konto 1905 konserninterne renteinntekter. Samanstilt er avviket mot budsjett på om lag 2 millionar kroner.

Samla avdragskostnadar var om lag 109,3 millionar kroner, noko som er 6 millionar kroner lågare enn budsjettet.

Kommunen har sidan etableringa i 2020 jobba systematisk med å redusere unytta lånemiddel. Dette er i utgangspunktet lånegjeld som var tiltenkt å finansiere investeringar i anleggsmiddel. Når investeringane er blitt billegare enn budsjettet, eller er blitt skubba fram i tid samstundes som låneopptaket er gjennomført, oppstår unytta lånemiddel. Kommunen har i 2021 klassifisert delar av årets låneopptak til eit kortsiktig likviditetslån, grunna at kommunestyret nedjusterte behovet for langsiktig finansiering i siste budsjettrevidering 25.11.21. Denne mogelegheita er heimla i kommuneloven §14-15, og fullmakt er delegert frå kommunestyret gjennom kommunen sitt finansreglement. Gjennom å gjere dette vil framtidige avdragsbetalingar i større grad harmonere med generasjonsprinsippet ved at ein unngår å starte avdragsbetaling på gjeld før kapitalslitet på det aktuelle anleggsmiddelet faktisk har starta.

Avvik mot budsjetterte løyvingar til drift

Økonomiske effektar av korona-pandemien

Koronapandemien har hatt stor verknad på kommunen sin tenesteproduksjon og økonomi, og den har skapt stor uvisse knytt til både inntekter og utgifter. Det er krevjande å rekne ut nøyaktig dei totale økonomiske effektane som pandemien har hatt, då det krev at ein gjer nokre føresetnader i utrekninga. Kommunen har god oversikt over direkte kostnadar knytt til pandemien. Det blir straks litt vanskelegare å rekne indirekte kostnadar og kalkulert inntektskutt. Direkte koronakostnadar er i hovudsak trekt ut frå kommunalområda og er bokført på 90-området (Finans, frie inntekter m.m.) i rekneskapen.

Direkte kostnadar for Ålesund kommune knytt til koronapandemien i 2021 er på om lag 104 millionar kroner. Dette er berre ekstrakostnadar knytt til pandemien, og inkluderer for eksempel ikkje kostnadar knytt til at tilsette som elles ville ha utført andre oppgåver er omdisponert til å jobbe med pandemien. Dette gjeld til dømes kommuneoverlegen, beredskapsarbeid generelt, kriseleiinga, store delar av kommunedirektøren si leiargruppe samt anna administrativ kapasitet. For dette kan ein berre gjere overslag over kostnadane.

Kommunane har fått dekt ekstrakostnadane gjennom ulike løyvingar gjennom året. Den første «pakka» kom i form av eit tilleggsnummer til statsbudsjettet for 2021, der Ålesund kommune fekk 1,5 millionar kroner knytt til smitteverntiltak, og 54,3 millionar kroner i ein generell auke i rammetilskotet som kompensasjon for skattesvikt i 2020. I revidert nasjonalbudsjett fekk Ålesund kommune tildelt 9 millionar kroner i ekstra skjønsmidlar, og 27,9 millionar kroner til å dekke andre utgifter til vaksinasjon og pandemihandsaming. På tampen av året fekk kommunen ytterlegare 23,4 millionar kroner i ekstraløyvingar. Til saman har kommunen fått ekstraløyvingar på om lag 115 millionar kroner som er knytt til pandemihandsaminga. I tillegg har kommunen fått øyremerkte tilskot på om lag 99 millionar kroner som er knytt til pandemien, der dei største summene gjeld dekking av utgifter til innreisekarantenehotell (47,4 millionar kroner) og kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemdar (36,3 millionar kroner). I motsetning til i 2020, har kommunen i 2021 fått dekt alle direkte kostnadar som ein har hatt til pandemihandsaminga.

Dei direkte kostnadane som den einskilte stab og kommunalområde har hatt til handsaming av koronapandemien er for det meste kompensert internt gjennom at desse kostnadane er bokført på 90-

området i rekneskapen. Det kan likevel vere mindre kostnader som er blitt liggjande i einskilde verksemdar.

Kommunedirektøren sine stabar

Rekneskapen for 2021 syner eit mindreforbruk på 30,9 millionar kroner. Avvik mot budsjett fordeler seg slik (tal i heile tusen):

Stabsområde	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Avvik mot budsjett	Opphavleg budsjett
Økonomi og verksemdstyring	26 793	27 007	-214	31 465
Personal og organisasjon	54 588	51 789	2 799	53 515
Teknologi og innovasjon	87 792	96 298	-8 506	94 606
Strategi, samfunn og næringsutvikling	74 747	90 087	-15 340	87 708
Frittstående stabar	59 969	69 654	-9 685	63 390
Sum kommunedirektørens stabar	303 889	334 835	-30 946	330 684

Økonomi og verksemdstyring hadde eit mindreforbruk på 0,2 millionar kroner. Stabsområdet si budsjettramme vart nedjustert med om lag 4,5 millionar kroner gjennom året. Resultatet er nådd gjennom nedbemanningar og auka inntekter frå tenestesar.

Personal og organisasjon hadde eit meirforbruk på 2,8 millionar kroner. Dette skriv seg ikkje frå den ordinære drifta av stabsområdet, men er i hovudsak knytt til fellesutgifter for heile organisasjonen.

Teknologi og innovasjon hadde eit mindreforbruk på 8,5 millionar kroner. Hovudårsaka til mindreforbruket er effekten av omstillingsarbeidet, der ein har haldt stillingar vakante gjennom store delar av året og har skubba på driftsutgifter der det har vore mogeleg. 3,1 millionar kroner av mindreforbruket skuldast at kostnader til breibandsutbygging er blitt flytta til neste år.

Strategi, samfunn og næringsutvikling hadde eit mindreforbruk på 15,3 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak svært stram kostnadskontroll, fleire vakante stillingar gjennom året, prosjektfinansiering av fleire stillingar og redusert reiseaktivitet som følgje av pandemien.

Frittstående stabar gjorde opp rekneskapen med eit samla mindreforbruk på 9,7 millionar kroner. Også her er det effekten av omstillingsarbeid og stram kostnadskontroll som har ført til mindreforbruket.

Det er gjennomført nedbemanningar i Kommunedirektørens stabar gjennom året. Talet på årsverk er redusert med om lag 30, og er gjennomført i form av avslutning av mellombelse stillingar og naturleg avgang. Dette, saman med god kostnadskontroll, forklarar resten av mindreforbruket i kommunedirektørens stabar.

Investeringar

For 2021 var det budsjettert med samla investeringsutgifter på til saman 36,6 millionar kroner innan kommunedirektøren sine stabar. Dei aller fleste investeringane her er knytt til IKT, fiberutbygging og programvare. Samla forbruk var 39,9 millionar kroner. Meirforbruket er også knytt til investeringar i informasjonsteknologi, og må sjåast i samanheng med at opphøveleg investeringsbudsjett vart revidert ned frå 43 millionar kroner til 36,6 millionar kroner basert på prognose for framdrift i prosjekta.

Helse og omsorg

I takt med aukande skatteinntekter har kommunestyret valt å styrke driftsramma til kommunalområdet Helse og omsorg frå opphøveleg 910 millionar kroner til 992 millionar kroner. Rekneskapen syner eit meirforbruk på 9 millionar kroner mot revidert budsjett.

Utfordringsbildet er ulikt fordelt i kommunalområdet. Både heimetenestedistrikta, institusjonane, legetenestane og førebyggjande arbeid kom ut med eit mindreforbruk, medan omsorgsdistrikta og Koordinering og tildeling kom ut med eit negativt resultat.

Helse og omsorg gjekk inn i driftsåret 2021 med forholdsvis store innsparingskrav, og ei for høg drift ut i frå tildelt budsjetttramme. Kommunalområdet utarbeidde saman med Agenda Kaupang eit kunnskapsgrunnlag som ligg til grunn for ny overordna strategi for helse- og velferdstenestene i Ålesund kommune, etablering av «heilheitleg innsatstrapp» og utforming av fleire tiltak i 2021.

Årsaka til mindreforbruk på *institusjonssida* er i hovudsak knytt til tiltak der ein har avvikla fleire institusjonsplassar.

Heimetenestedistrikta hadde eit mindreforbruk. Dette er i hovudsak knytt til vakante stillingar. Ein forventar at desse stillingane ikkje vert ståande vakante i 2022 dersom ein lykkast med rekrutteringa. Ein har også vore restriktiv i forhold til vikarinnleige og unngått bruk av byrå.

Førebygging og meistring sitt mindreforbruk er i hovudsak knytt til mindreforbruk i støttekontaktordninga.

Legetenesta går med eit mindreforbruk som først og fremst er knytt til auka inntekter på legekantora. Unntaket er legekantoret i Brattvåg med eit meirforbruk på omlag 3,7 millionar kroner.

Koordinering og tildeling sitt meirforbruk er i hovudsak knytt til kostnader til BPA og omsorgsløn.

Omsorgsdistrikta har meirforbruk, og dette er i stor grad knytt til rekrutteringsutfordringar, bruk av overtid og byråinnleige.

Årsrekneskapen viser at kommunalområdet kjem ut ca. 9,3 millionar kroner betre enn forventa på vederlag for langtids- og korttidsopphald i sjukeheim/omsorgssenter, men at ein samtidig kjem ut med eit negativt resultat på 9,2 millionar kroner på ressurskrevjande brukarar.

Enkelte tenester opplever å måtte opprette ein-til-ein tiltak på enkeltbrukarar, og dette medfører overskridingar på lønskostnader for den aktuelle verksemda.

Investeringar

Kommunalområdet hadde eit samla investeringsbudsjett på 1,1 millionar kroner, og har nytta 0,7 millionar kroner av ramma. Kostnaden gjeld primært innkjøp av ein varebil for Førebygging og meistring.

Velferd og sysselsetting

Rekneskapen for kommunalområdet Velferd og sysselsetting syner eit meirforbruk på 28 millionar kroner i 2021. Opphavelag budsjett var på 630 millionar kroner, medan revidert budsjett var 660 millionar kroner.

Meirforbruket skriv seg i hovudsak frå butenestene. Dette er eit tenesteområde som i stor grad er styrt av brukarar som får vedtak om kommunale tenester. Både butenesten og Psykisk helse /rus har oppretta fleire tiltak som det ikkje har vore budsjett for i 2021, og fleire av tiltaka er ressurskrevjande. Det har vore krevjande å finne tilstrekkelege innsparingstiltak for å ta høgde for nye brukarar gjennom året.

Det er også ei utfordring at kommunalområdet har fleire bustader som ikkje lenger er eigna til formålet, noko som gjer dei relativt tungdrivne. Ein annan forklaringsfaktor er at ein har hatt utstrekt bruk av overtid for å dekkje opp turnusane. Dette har vore naudsynt fordi ein har hatt utfordringar knytt til å rekruttere rett kompetanse.

Rekneskapsresultat for Fagstab Velferd og sysselsetting syner samla eit mindreforbruk på 0,8 millionar kroner.

Verksemd Psykisk helse /rus har eit meirforbruk på om lag 0,5 millionar kroner. Meirforbruket er knytt til høg aktivitet i ambulerande habilitering.

Verksemd Måltid og ernæring kom ikkje heilt i mål med effektiviseringskrav for 2021, og fekk eit meirforbruk på 1,7 millionar kroner. Ein av årsakene til meirforbruket er at kafear og kantine har vore stengd grunna pandemien. Ingen tilsette har vore permittert. Gjennomførte omstillingstiltak har resultert i ein reduksjon på 2 årsverk gjennom året.

Verksemd arbeid og aktivitet har i 2021 hatt eit meirforbruk på om lag 0,5 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak eit aktivitetsnivå som har vore høgare enn føresett.

Den kommunale delen av NAV hadde eit mindreforbruk på 6,3 millionar kroner. Dette skuldast lågare forbruk til økonomisk sosialhjelp enn føresett, samt at ein har halde stillingar vakante gjennom året.

Investeringar

Det er gjort nokre investeringar i kantina på rådhuset i 2021. Prosjektet er litt forseinka, slik at det berre er nytta kr 314 000 av ei ramma på kr 625 000. Prosjektet vil bli ferdigstilt i 2022.

Opplæring

Rekneskapen for kommunalområdet Opplæring syner eit meirforbruk på om lag 61 millionar kroner i 2021.

Avvik på funksjon 202 - grunnskole (meirforbruk om lag 49 millionar kroner):

- Meirutgifter knytt til skuleskyss, med kraftig auke i utgiftene frå 2020 og eit avvik mot budsjett på over 7 millionar kroner.
- Meirutgifter knytt til refusjonar for skule- og barnehagetilbod for barn og elevar som er fosterheimplassert i andre kommunar. Kostnadane har auka mykje sidan 2020. Totalt er det utbetalt vel 10 millionar kroner i kjøp av skuletenester frå andre kommunar.
- Meirutgifter i tilskot til spesialpedagogiske tenester til private skular. Også her har det vore ei stor auke i utbetalingane samanlikna med 2020, og dermed store avvik i høve avsett budsjett. Totalt er det betalt ut vel 19 millionar kroner til private skular.
- Meirforbruk på skulane på totalt 10 millionar kroner.

Avvik på funksjon 201 - barnehage (meirforbruk i underkant av 8 millionar kroner):

- Meirutgifter knytt til pandemien. Nokre av kostnadane knytt til Covid 19 er refundert, men i tillegg har det vore auka vikarutgifter knytt til ordinært sjukefråvere. Ein del av overforbruket kan knyttast til koronautgifter som ikkje er refundert.
- Det vart ved hovudopptaket 2021 teke inn fleire barn i dei kommunale barnehagane enn det var budsjett til, då desse elles hadde utløyst tilskot til private barnehagar.
- Det var ikkje avsett midlar i opphøveleg budsjett til drift av Hildre barnehage og avdeling på Longva.

Avvik på funksjon 214 – Vaksenopplæring (meirforbruk om lag 4,7 millionar kroner)

- Auke i talet på born som skal ha tilbod om logoped.
- Husleiga har auka med ca. 700 000 kr, sidan VO no har undervisning på 4 stadar; Nørvøy, Prestemarka, Åsesvingen, Brattvåg. Andre driftsutgifter som straum, kommunale avgifter og reiseutgifter har auka tilsvarande.

Avvik på funksjon 222 - skulebygg

- Husleige har blitt høgare enn budsjettert

Oppsummert:

- Vi har for store avvik knytt til refusjonar til andre kommunar, skuleskyss og private skular. Omfanget av utgifter til fosterheimsplasserte barn i andre kommunar og omfanget av

spesialpedagogisk hjelp til private skular vert utløyst gjennom sakkunnige tilrådingar og vedtak. Store deler av krava har kome mot slutten av året, og vi har ikkje greidd å fange opp utgiftene og rapportert dette gjennom tertialrapporteringane. Vi er i gang med å endre rutinane og forbetre periodiseringa av utgiftene, men må samtidig konstatere at det vil vere krevjande å få ned kostnadane på kort sikt. Vi må ha ein grundig gjennomgang med dei som utarbeider sakkunnige tilrådingar, og vi må ha ein gjennomgang av korleis privatskulane organiserer ordinær opplæring og sjå dette opp mot omfanget av spesialpedagogiske tiltak.

- Det er gjort omfattande innsparingstiltak i skulane, men dei kjem likevel ut med eit mindre overforbruk. Det er grunn til å rose dei skulane som har mindreforbruk, balanse eller små avvik i forhold til budsjetttramma. Innsparingstiltaka i 2021 er gjort på ein slik måte at nesten alle skulane har haldt seg innanfor lærarnorma. 2 skular manglar 1 årsverk kvar for å vere innanfor lærarnorma.
- Det er gjort eit godt arbeid på det spesialpedagogiske området i barnehagane og vi ser klart positive effektar av dei endringane som er gjort i forhold til å styrke det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagane. Dette tiltaket gjeld både kommunale og private barnehagar.
- Vi må i løpet av 2022 ha ei grundig evaluering av ressurstildelingsmodellen i skule og SFO. Det er særleg utfordrande å finne ei god og rettferdig fordeling av økonomiske midlar til spesialpedagogisk hjelp. Ein tildelingsmodell må både vere slik innretta at han ivaretek behovet for god økonomisk fordeling til elevar med store hjelpebehov, og samstundes stimulerer skulane til å legge til rette for eit godt opplæringstilbod innanfor dei allmennpedagogiske rammene.

Investeringar

Kommunalområdet hadde ikkje budsjettert med investeringar i 2021. Likevel er det bokført 0,23 millionar kroner i investeringsutgifter. Dette skuldast at ein i dette tilfellet har vurdert kjøp av det aktuelle anleggsmiddelet som meir eigna enn leasing.

Barn, familie og integrering

Rekneskapen for kommunalområdet syner eit meirforbruk på om lag 19 millionar kroner i 2021.

Fagstab/overordna leiing

Rekneskapsresultatet for 2021 viser eit mindreforbruk på om lag 4,4 millionar kroner mot tildelt budsjett. Per 1.1.21 vart talet på rådgjevarar i overordna leiing redusert frå to til ein.

Bu- og avlastingstenester

Rekneskapsresultat for verksemd Bu- og avlasting syner eit meirforbruk mot tildelt budsjetttramme.

Meirforbruket har vore aukande gjennom heile 2021 og er meldt ved alle rapporteringar i løpet av året. Ved årsslutt er meirforbruket lågare enn forventa. Dette skuldast ei styrking av budsjetttramma til Bu- og avlastingstenesta ved budsjettrevisjon etter 2. tertial.

Meirforbruket i verksemda har si årsak i fleire forhold. Ein del av meirforbruket er vidareført heilt frå 2018/2019 og ved inngangen til ny kommune vart driftsnivået frå 2019 vidareført utan at budsjetttramma vart justert. I tillegg fekk verksemda ei auke i vedtak både på døgnavlasting og nye barnebustadar i løpet av 2020, og for 2021 etter at budsjettprosessen var avslutta. Dette tiltaket var det ikkje budsjettdekning for. Meirforbruket vart ytterlegare auka etter at budsjett for tiltak vart overført til Velferd og Sysselsetting. Dette skuldast at det i utgangspunktet ikkje var budsjettdekking i verksemd Bu- og avlasting for eit av tiltaka som vart overført. I tillegg har tenesta i 2021 fått tilflyttarar og andre brukarar med vedtak på omfattande avlastingsstenester. Desse tiltaka krev mykje tilrettelegging og det er vanskeleg å kunne førespegle omfanget før ein har kjent brukarane ei stund og kan stabilisere tenestenivået.

Bu- og avlastingsstenesta er uføreseieleg og det kan vere vanskeleg å framskrive behov. Behov for tiltak kan og auke i løpet av året. Dette kan medføre utgifter som ein ikkje alltid klarer å dekke innafor vedtatt budsjetttramme. Det har til no vore få moglegheiter til å kunne differensiere tenester, og det vert derfor tildelt tenester på høgste nivå i omsorgstrappa.

Det er gjennomført omstillingsprosjekt gjennom heile 2021. Målsettinga har vore å redusere omfattande avlastingsvedtak og bemanningsfaktor. Verksemda har og over tid hatt tiltak med barnebustad og tiltak med høg andel avlasting drive av privat aktør. Målsettinga er at alle tiltaka skal drivast av kommunen sjølv. Prosessen med å ta over desse tiltaka har vore tidkrevjande og tatt lengre tid enn ein såg føre seg. Mellom anna har det vore utfordrande å tilsette kompetent personell, samt at tilsettingsprosessen ikkje har vore handtert effektivt nok. Overtaking av tiltak har ført til auka kostnader og eit auka meirforbruk på grunn av at ein i ei overgangsperiode har hatt behov for å nytte vikartenester. Bruk av private tenester vart avvikla i si heilheit per 1.11.21. Tilsetting i kommunale stillingar medfører auke i årsverk i verksemda, men på sikt vil det totalt sett ikkje føre til auke i driftskostnader.

Ei stor utfordring i verksemda er mangel på eigna bustadar for samlokalisering som kan gi meir effektiv drift av tenestene. Fleire av bustadane som vert nytta er ikkje tilrettelagt for behovet til brukarane. Dette gir mellom anna utfordringar med skade på personale, noko som igjen fører til høgt sjukefråvær og høg bruk av overtid. Manglande moglegheit til tilpassing og tilrettelegging i lokalitetane krev og ofte bruk av skjermingstiltak og gir høgare bemanningsfaktor. Dette gjeld både i barnebustadane og i avlastingsstenesta. Ei meir tilrettelagt bustadsmasse, òg for samlokalisering, ville kunne gi ei meir effektiv drift både gjennom redusert bruk av skjermingstiltak og meir effektiv utnytting av personalressursane.

Husleigeavtalen for avlastingsavdelinga ved Borgundfjordvegen går ut i mars 2023 og det er stort behov for nye lokalar til denne tenesta. Dersom ny barne- og avlastingsbustad ikkje vert realisert vil dette kunne gi store utfordringar med lokalitetar, til dømes ei svært kostnadskrevjande drift i fleire små einingar.

Barneverntenester

Rekneskapstala for Barneverntenester syner eit meirforbruk mot tildelt budsjetttramme.

Meirforbruket har si årsak at det er prognostisert med for høge inntekter når det gjeld refusjon frå staten og andre kommunar. Verksemda har og fått uføresette utgifter til husleige i 2021. Barneverntenesta har fleire uføreseielege variablar mellom anna knytt til plasseringar som krev hastedvedtak, eller når det gjeld barn som akutt må flytte frå fosterheimar fordi fosterforeldra ikkje maktar oppgåva lengre. I siste halvdel av 2021 fekk tenesta fleire uføresette plasseringar over ei kort

periode. Nokre av desse plasseringane har vore mellombels, men er likevel kostnadskrevjande tiltak og har medført eit høgt meirforbruk. I tillegg har tenesta for 2021 hatt som målsetting å tilbakeføre ungdom frå institusjon til heimen, som eit kostnadsreducerande tiltak. Dette har vist seg å ikkje vere forsvarleg å gjennomføre innanfor den tidsramma ein har hatt som målsetting. Dette er ungdom som krev mykje oppfølging ved tilbakeføring og kommunen har ikkje hatt kapasitet til å sette i verk tilstrekkelege med foreldrestyrkingstiltak eller andre naudsynte tiltak i heimen. Tenesta har og fått uføresette økonomiske krav frå Bufetat for forsterkingstiltak i barneverninstitusjon, der Bufetat vurderer at forsterkinga skal dekkast med heimel i helse- og omsorgstenestelova.

Verksemda har høg turnover. Dette medfører at tenesta jamleg har vakansar i tillegg anna fråvær som fødselspermisjonar og sjukefråvær. Det har ikkje vore mogleg å erstatte dette fråværet med vikarar. Tenesta har utfordringar med å rekruttere kompetent personale og har lovpålagte oppgåver med fristar som må følgjast opp uavhengig av vakansar. Dette gir mykje meirarbeid på dei tilsette, noko som igjen medfører auke i bruk av overtid.

Verksemda drifrar ei interkommunal barnevernvakt for Sunnmøre. Dette er ei døgnopen teneste som gir meir stabilitet i tenesta fordi barnevernvakta tar utrykningar utanom arbeidstid. Barnevernvakta er inne i sitt andre driftsår og tenesta har i 2021 eit meirforbruk knytt til utrykningar/aktiv vakt. Meirforbruket er ikkje fordelt ut til samarbeidskommunane, men er i si heilheit dekkja av Ålesund kommune. Dette vart gjort med bakgrunn i at tenesta er ny i drift og det er behov for å vurdere kva for type turnusordning som gir mest kostnadseffektiv drift. Dette vart følgd opp vidare i samarbeidsmøte med deltakarkommunane og gjennomgang av rekneskapsoppsett per kvartal.

Barnevernstenesta er også vertskommune for Fjord kommune på barnevernområde. Avtalen med Fjord kommune vart avslutta 31.3.22.

Helsestasjonstenester

Rekneskapsresultatet for helsestasjonstenesta syner eit mindreforbruk mot tildelt budsjetttramme.

Mindreforbruket skuldast at helsestasjonstenesta i heile 2021 har omdisponert personalressursar til arbeidet med smittesporing. Personalressursane som er nytta til dette er ikkje erstatta med vikarar. Det vart heller ikkje nytta vikarar i samband med permisjonar eller langtidssjukefråvær som gir refusjonar.

For 2020 fekk kommunen tilskot på 7,5 mill. kroner frå Helsedirektoratet til styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta (prosjekt 51000). Tilskotet vart nytta til engasjementstillingar då det per no ikkje er moglegheit for å auke talet på årsverk. Tenesta er framleis ikkje på norm når det gjeld jordmødrer, eller helsesjukepleiarar i skulehelsetenesta.

Frå 01.04.21 vart det redusert eitt årsverk helsesjukepleier finansiert av Flyktningtenesta til arbeid med migrasjonshelsetilbodet.

Verksemda omdisponerer framleis personalressursar til smittesporing knytt til koronapandemien. Ekstra kostnader knytt til dette arbeidet blir ført på prosjekt 90200. Sjølv om situasjonen har vore krevjande har det meste av tenesta vore i tilnærma normal drift til trass for koronasituasjonen, men helsestasjon for ungdom har framleis berre timebestilling grunna dårlege venteromsfasilitetar. Det blir arbeidd med med nye og større lokalitetar i 2. etasje på Moa helsehus for HFU for 2022.

Familiestøttende tenester

Rekneskapsresultat for 2021 syner eit meirforbruk mot tildelt budsjettramme.

På grunn av situasjonen med lekkasje i lokalitetane ved Moa helseshus har verksemda i løpet av 2021 måtte flytte til andre lokale ved Elegantegården. Flytteprosessen har tatt tid og har vore krevjande for dei tilsette. Det har vore utfordrande å budsjettere med reell husleige i nye lokalar før endeleg husleigeavtale for Elegantegården kom på plass hausten 2021. Utgifter til flytting og auke i husleige har ført til eit meirforbruk i tenesta.

Tenesta har i løpet av 2021 fått svært høge kostnader til køyring og det har vore behov for å inngå fleire bilavtaler. Etter kommunesamanslåinga tok det tid før tenestene vart kjend i til dømes Fjord kommune og i dei kommunedelane i Ålesund som ikkje hadde hatt tilgang til desse tenestane tidlegare. I 2021 har tenesta opplevd ei auke i søknadar, og dermed ei auke i behov for oppfølging av familiar i heimen og på skulane. Dette har ført til eit meirforbruk knytt til køyring. Når avtalen om barneverntenester med Fjord kommune vert sagt opp frå 01.04.22 vil dette behovet bli noko redusert.

Prosjektet "Styrking av helsestasjonstenesta og skolehelsetenesta" har eit meirforbruk på om lag 1 million kroner. Dette må sjåast opp mot eit mindreforbruk i Helsestasjonstenesta. Prosjektet er forankra i både Helsestasjonstenesta og Familiestøttende tenester og det er ikkje overført tilstrekkelege midlar frå Helsestasjonstenesta til Familiestøttende teneste for prosjektet.

Verksemda har hatt ein utfordrande situasjon sidan kommunesamanslåinga. I tillegg til flytteprosessen frå Moa Helsehus til Elegantegårdren har vakansar og reduksjon i stillingar gjort det vanskeleg å levere tenester etter behov. Dette gjeld både førebyggjande lågterskeltilbod for barn, unge og deira familiar, men og når det gjeld å levere lovpålagte tiltak til barnevern og helsestasjon, noko som kan gi kostbare tiltak for kommunen på sikt. I ny kommune skal verksemda levere tenester til ein større andel av befolkninga med ei lågare bemanning. For å kunne yte tenester til fleire familiar har det vore naudsynt med omstilling og effektivisering av drifta, og Familiestøttende tenester har i store deler av 2021 vore i ein prosess med å tilpasse tenesta til å kunne levere tiltak til heile kommunen. Det er ei målsetting å kunne gi hjelp på eit tidlegare tidspunkt og legge til rette for langvarige positive verknader for barn og familiar, med lågare samfunnskostnader som resultat i eit lengre perspektiv.

Verksemda driv og eit interkommunalt krisesenter for kvinner og barn. Tenesta har hatt fullt belegg store deler av året. Rekneskapen syner at denne tenesta går i balanse ved årets slutt.

Flyktingtenester

Rekneskapsresultat for verksemd flykting syner eit mindreforbruk mot tildelt budsjettramme.

Mindreforbruket har hovudsakleg si orsak i at det kom færre flyktingar til kommunen i 2021 enn det kommunen var oppmoda om å ta imot. Mellom anna er utbetaling av introduksjonsstønad til flyktingar lågare enn forventa. Det har komme tilsvarande mindre statstilskot enn forventa, kommunen har mottatt om lag 66,2 million kroner.

Talet på flyktingar er vanskeleg å føresjå frå år til år, og pandemisituasjonen har gjort dei siste to åra særleg utfordrande. Ålesund formannskap vedtok for 2021 busetting av 68 flyktingar, inkludert 4 einsleg mindreårige. I underkant av 50 av desse vart busett i løpet av året. I 2020 vart berre 35 av 62 flyktingar busett. Dette skuldast hovudsakleg at flytrafikken stoppa opp i samband med

pandemiutbrotet, slik at mange ikkje kom seg frå avreiselandet til Noreg. Det har og kome svært få einslege mindreårige flyktningar til kommunen dei siste to åra.

Med bakgrunn i dette gjennomførte verksemda i 2021 ei omfattande nedbemanning for å kunne drifte etter behov. I bufellesskapet for einsleg mindreårige vart talet på tilsette redusert til om lag halvparten, frå 16 til 9 tilsette. I avdeling flyktning er det redusert med 2,8 årsverk ved å ikkje erstatte naturlege avgangar og permisjonar. I tillegg er det redusert 1,8 årsverk i barnevernet og helsestasjonen som yter tenester til flyktningar. Bufellesskapet for einsleg mindreårige flytta sommaren 2021 frå Åsesvingen til Vegsund. Lokalitetane ved Vegsund gir ei meir effektiv drift ved at det er mogleg å drifte med lågare bemanning sjølv om kommunen tek i mot fleire einsleg mindreårige. Nedbemanningsprosessen i verksemda tok noko lengre tid enn ein såg føre seg, mellom anna på grunn av flytting av bufellesskapet, og hadde full effekt frå 01.09.21. Ingen har blitt oppsagde i prosessen, men fått tilbod om andre stillingar.

Investeringar

Det er ikkje budsjetttert med, eller gjennomført, investeringar i kommunalområdet i 2021.

Kultur og medborgarskap

Rekneskapen syner at kommunalområdet i 2021 hadde eit mindreforbruk på om lag 1,6 millionar kroner.

Dette skuldast i hovudsak desse faktorane:

- Fagstaben vart avvikla 1. september 2021 og eit mindreforbruk her skuldast hovudsakleg budsjett for kommunedelutval, som frå 2022 skal plasserast hos politisk sekretariat.
- Verksemd innbyggartorg har eit mindreforbruk som i hovudsak er knytt til uventa inntekter på slutten av året som til dømes refusjonar for koronarelaterte utgifter, bruk av fond og tilslag på prosjektmidlar.
- Heile kommunalområdet har spart på lønsutgifter ved å ikkje tilsette vikar ved permisjonar eller anna fråvere, samt ved å halde nede utgifter til kurs, reise og velferd for tilsette.

Rekneskapen for Ålesund kulturskole viser eit meirforbruk mot tildelt budsjett. Størstedelen av dette skuldast ei budsjetteknisk endring av husleige, auka utgifter til oppvarming og tapte inntekter frå kontingentar/salsinntekter i eit år prega av pandemi.

Investeringar

Investeringsrekneskapen for kommunalområdet syner eit mindreforbruk på 3 081 000 kroner. Det var budsjetttert med kr 3 150 000 til nytt inventar i Parken Kulturhus. Leveransen frå leverandør er stekt forseinka, noko som gjer at kostnadane ikkje kjem før til neste år.

By, miljø- og stadutvikling

Rekneskapen syner at kommunalområdet fekk eit meirforbruk på 6,1 millionar kroner i 2021.

Kommunalområdet har gjennom året hatt store meirkostnader knytt til vintervedlikehald, noko som har vore rapportert om gjennom året. Dette har også danna grunnlag for ein budsjettrevisjon som kommunestyret vedtok i sitt møte i november 2021. Saman med innsparingar på andre område ga budsjettrevisjonen eit grunnlag for at kommunalområdet kunne levere eit resultat om lag i tråd med revidert budsjett.

Tala i rekneskapen viser likevel eit negativt avvik som ikkje har samanheng med eit meirforbruk, men som har samanheng med at reduksjon i premiebetaling er bokført utanfor vårt kommunalområde på ansvarsnummer (920000) for Premieavvik og pensjonskostnader. Dette får innverknad på bruken av eller avsetjinga på fond innanfor verksemda for vatn og avløp. Dette gir i 2021 eit negativt avvik for verksemda og kommunalområdet, men for kommunen totalt sett vert føringa mot fond korrekt, og kravet til 100 % inndekking gjennom gebyra varetatt.

Investeringar

Kommunalområdet har ansvaret for mange små og store investeringsprosjekt, der dei største er knytt til sjølvkostområda. Samla investeringsbudsjett for 2021 for kommunalområdet var 235,7 millionar kroner. Rekneskapen syner eit meirforbruk på 10,7 millionar kroner.

Investeringane i kommunalområdet fordelt på dei ulike avdelingane som har investeringsprosjekt er som følgjer:

Verksemd	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Oppr. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Fagstab Miljø, by- og stadutvikling	5 011 589	9 200 000	21 200 000	572 413
Vatn og avløp	178 549 212	157 200 000	276 150 000	283 067 480
Veg, grønt og anlegg	57 422 881	64 172 000	135 350 000	110 598 607
Plan, byggjesak og geodata	5 430 534	5 150 000	3 184 000	1 374 870
Sum	246 414 216	235 722 000	435 884 000	395 613 370

Eitt av investeringsprosjekta knytt til fagstaben gjeld Bypakken Ålesund, der fagstaben har eit budsjett på 3 millionar kroner til arbeidet. Faktisk forbruk var 0. Merk at budsjettet for dette prosjektet er delt mellom kommunalområdet By, miljø- og stadutvikling og stabsområdet Strategi, samfunns- og næringsutvikling. Samla forbruk til prosjektet er 0,67 millionar kroner, medan samla budsjett var om lag 9,9 millionar kroner. Årsaka til budsjettavviket er forseinkingar i prosjektet.

Dei to andre investeringsprosjekta som høyrer til fagstaben gjeld lukking av deponiet i Gangstøvika, og Borgundfjordprosjektet. Førstnemnde prosjekt er i oppstartsfasen, og fekk eit mindreforbruk på om lag 0,4 millionar kroner i 2021. Brorparten av kostnadane til dette prosjektet vil komme først til neste år. Borgundfjordprosjektet vil gå over fleire år, og er inne i ein planleggingsfase. Prosjektet hadde eit mindreforbruk på om lag 0,8 millionar kroner i fjor. For begge prosjekta skuldast mindreforbruket at kostnadane vil komme seinare enn føresett i budsjettet.

Dei største investeringane i kommunalområdet ligg til verksemda Vatn og avløp. Samla budsjett var 157,2 millionar kroner, medan forbruket var 178,5 millionar kroner. Meirforbruket var på 21,3 millionar kroner, og skriv seg i hovudsak frå at kommunen har overtatt tekniske anlegg frå private utbyggjarar. Det har ikkje vore budsjettert for dette. Det er verd å merkje seg at det finst ein motpost til desse kostnadane i form av ei investeringsinntekt, slik at investeringane ikkje representerer reelle kostnader for kommunen.

For dei andre investeringsprosjekta som er av ein viss storleik, er det i sum mindre avvik mellom budsjett og forbruk. Prosjektet «Leidningsfornyning og separering» er det største einskildprosjektet, med ei budsjetttramme på 86 millionar kroner i 2021. Forbruk i 2021 var 81,5 millionar kroner. Prosjektet «Nytt vassbehandlingsanlegg/reservevassforsyning/Brusdalsvatnet» hadde eit forbruk på 10,95 millionar kroner mot eit revidert budsjett på 8 millionar kroner. For meir informasjon om dette prosjektet, synast det til kommunestyresak 248/21 av 9.12.2021. Lenke til saka er her: https://alesund.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021113064&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=1558&

90-området, Frie inntekter, finans m.m.

På dette området blir det bokført inntekter og utgifter som ikkje naturleg høyrer heime på andre stabs- eller kommunalområde, som til dømes premieavvik på pensjon, overføringar til føretaka, finanspostar, årsoppgjersdisposisjonar osb. For 2021 har ein også valt å skilje ut dei fleste direkte koronarelaterte kostnader ved å flytte desse frå kommunal- og stabsområda til 90-området. Dette utgjer om lag 85 millionar kroner.

Om ein justerer for elimineringsar, fekk ein eit samla mindreforbruk på om lag 19,7 millionar kroner.

Etikk

Ålesund kommune er ansvarleg for grunnleggjande tenester for innbyggjarane, forvaltar store ressursar på vegne av fellesskapet og utøver mynde på ei rekkje område. Kommunen er gitt ei betydeleg makt som forvaltar av ei rekkje lovar og forskrifter. Tilsette og folkevalde har eit stort ansvar som forvaltarar av fellesskapet sine ressursar, og den einskilde sin oppførsel og handlemåte legg grunnlag for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen.

Ålesund kommune har som ny kommune etablert og vedtatt ein ny etisk standard for tilsette og folkevalde. Kommunen har og vedtatt eige verdigrunnlag som er forankra i kommuneplanens samfunnsdel.

Våre verdiar er: Open, engasjert, modig.

Som ein del av arbeidet med å forankre verdiane i organisasjonen vart det utarbeida ein verdiplakat. Verdiplakaten blei ferdigstilt i 2020 og implementerast i organisasjonen.



ÅLESUND KOMMUNE

OPEN

Tilsette og politikarar i Ålesund kommune er opne overfor innbyggjarar og kvarandre som kollegaer.

Vi opnar for innsyn i arbeidsformer og deler informasjon, kompetanse og beste praksis.
Vi er tolerante og inkluderande, lyttar aktivt, er audmjuke og opne for andre sine synspunkt.
Vi er fleksible og løysingsorienterte i møte med nye utfordringar.

ENGASJERT

Tilsette og politikarar i Ålesund kommune har eit sterkt engasjement for samfunnsoppdraget, innbyggjarane og kvarandre som kollegaer.

Vi har oppdatert kompetanse på fagfeltet vårt og ynskjer å levere gode tenester.
Vi er nysgjerrige, imøtekomande og motiverte for å lære og utvikle oss.
Vi gjer kvarandre gode, hjelper kvarandre og er stolte av det vi får til saman!

MODIG

Tilsette og politikarar i Ålesund kommune har mot til å tenke nytt og er modige i møte med kvarandre.

Vi tek initiativ til nyskaping for å gi innbyggjarane enda betre tenester.
Vi torer å fremme meiningane våre og gi uttrykk for usikkerheit.
Vi tek opp det vi treng å prate om, fordi vi bryr oss og vil kvarandre godt.

Verdiplakat for Ålesund kommune

Kommunen har ein eigen- og internkontroll, og ein strategi for anskaffingar. Kommunedirektøren har etablert eige varslingsråd for å kunne handtere varsel om kritikkverdige tilhøve på ein god måte. I 2020 vart kommunen sine rutinar og system for varsling revidert, og dei er implementert vidare i 2021.

Ålesund kommune er óg medlem av Transparency international Norge, og deltok mellom anna på medlemsmøte i 2021.

Likestilling


Kjønnslikestilling

Kjønnsfordeling tilsette total i kommunen:

I Ålesund kommune er 77 % av dei tilsette kvinner, og 23 % er menn. I alle delar av kommunen er det overvekt av kvinner, med unntak av innan dei tekniske yrka der det er ei overvekt av menn med 74 %. Desse tala inkluderer også føretaka i kommunen.

Det er ofte interessant å sjå på i kva grad begge kjønn vert rekruttert inn til leiarstillingar.

I Ålesund kommune var fordelinga i 2021 slik for dei totalt 298 leiarstillinga med personalansvar på ulike nivå. Figuren under visar at begge kjønn er greitt representert, og at fordelinga på avdelingsnivå i større grad visar rekrutteringsgrunnlaget til dei stillingane.



Statistikk heiltid og deltid

Arbeidet med å redusere deltid og auke heiltid er viktig for kommunen. Det er slik at det er fleire tilsette i deltidsstillingar i dei kvinne-dominerte yrka, spesielt for dei yrka der dei fleste har turnusarbeid.

Figuren nedanfor viser tal på menn og kvinner fordelt på ulike stillingsstorleikar pr. tilsett. Tala er pr. 1.12 det enkelte år. For 2019 er tala samla for dei 5 tidlegare kommunane.

Ålesund kommune har målsetting om å auke delen med full stilling, og auke den gjennomsnittlege stillingsstorleiken.


Figuren viser at det er gjennomsnittleg høgare stillingsprosent i nye Ålesund kommune i forhold til dei 5 tidlegare kommunane. Det er likevel ein marginalt mindre del med full stilling i 2021 i forhold til 2020. Den mest trulege forklaringa er færre årsverk i administrasjon, undervisningsstillingar og barnehagar der det mest normale er tilbod om full stilling.


		2019	2019	2020	2020	2021	2021
Stillingsstørrelse pr. ansatt	Kjønn	Antall ansatte	Prosent	Antall ansatte	Prosent	Antall ansatte	Prosent
0 - 24,9%	Kvinner og menn	635	10,9	609	10,1	609	10,2
	Kvinner	435	9,7	384	8,3	391	8,5
	Menn	200	15,0	225	16,0	218	15,6
25 - 49,9%	Kvinner og menn	378	6,5	326	5,4	344	5,7
	Kvinner	302	6,7	258	5,6	273	6,0
	Menn	76	5,7	68	4,9	71	5,1
50 - 74,9%	Kvinner og menn	884	15,2	872	14,5	875	14,6
	Kvinner	772	17,2	752	16,3	735	16,0
	Menn	112	8,4	120	8,6	140	10,0
75 - 99,9%	Kvinner og menn	1 025	17,6	1 027	17,1	1 007	16,8

	Kvinner	923	20,6	924	20,0	912	19,9
	Menn	102	7,7	103	7,3	95	6,8
100%	Kvinner og menn	2 898	49,8	3 182	52,9	3 149	52,6
	Kvinner	2 058	45,8	2 296	49,8	2 273	49,6
	Menn	840	63,2	886	63,2	876	62,6

Gjennomsnittleg stillingsstorleik, utvikling frå 2020 til 2021

Vedlagte oversikter viser utviklinga i både del av heiltid og deltid, samt gjennomsnittleg stillingsstorleik ved deltid. Den visar at det alt i alt er lite utvikling mellom 2020 og 2021.





Lønsstatistikk, forskjellar mellom kjønn

Nedanforståande oversikt er basert på tal som noverande Ålesund kommune, samt dei 5 tidlegare kommunane (for år 2019) har rapportert til KS. Tabellen er utarbeida av KS. Den inneheld gjennomsnittleg fortjeneste pr. månadsverk og gjennomsnittleg grunnløn pr. månadsverk for kvinner i prosent av menn si løn. Tala er pr. 1.12.dei ulike åra.

	2019	2019	2020	2020	2021	2021
Justert for	Kvinner månedsfortjeneste i % av menns	Kvinner grunnlønn i % av menns	Kvinner månedsfortjeneste i % av menns	Kvinner grunnlønn i % av menns	Kvinner månedsfortjeneste i % av menns	Kvinner grunnlønn i % av menns
Ujustert	94,8	95,6	94,4	95,7	95,4	96,1
Alder	94,8	95,6	94,4	95,7	95,4	96,1
Stillingsgruppe	98,8	100,1	97,0	99,7	97,8	99,7
Stillingskode	101,7	99,5	101,2	99,2	102,8	99,4
Utdanning	94,2	96,6	93,7	96,7	95,0	97,2

Tala gir uttrykk for kva kvinner si løn som del av menn si løn ville vore dersom kvinner og menn hadde same årsverkfordeling innanfor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør brukast som mål på kjønnsforskjellen i løn, sida tala i stor grad held utanfor den delen av lønnsforskjellen som skuldast ulike yrkesval.

Tala visar at grunnløn for menn og kvinner, når ein tek omsyn til stillingskode og stillingsgruppe, er tilnærma lik.

Dette var og tema i lønnspolitiske drøftingsmøte mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgivar i Ålesund kommune i 2021.

Med utgangspunkt i statistisk grunnlag vart det ikkje avtalt nokon spesielle lønsmessige tiltak med utgangspunkt i kjønn i 2021.

For meir informasjon om organisasjon og medarbeidarar sjå [dette kapitlet](#).

Balanseregnskap §5-8

	Note	Regnskap 2021	Regnskap 2020
EIENDELER			
A. Anleggsmidler		15 041 789 808	14 492 512 640
I. Varige driftsmidler	4	2 907 634 466	2 740 593 367
1. Faste eiendommer og anlegg		2 764 464 957	2 589 898 893
2. Utstyr, maskiner og transportmidler		143 169 509	150 694 474
II. Finansielle anleggsmidler		6 411 765 186	5 819 028 245
1. Aksjer og andeler	5	766 450 616	759 918 381
2. Obligasjoner		-	-
3. Utlån	6	5 645 314 570	5 059 109 864
III. Immaterielle eiendeler		-	-
IV. Pensjonsmidler	11	5 722 390 156	5 932 891 028
B. Omløpsmidler	1	2 435 055 454	2 132 618 373
I. Bankinnskudd og kontanter		1 366 807 189	613 592 884
II. Finansielle omløpsmidler		489 066 798	472 951 198
1. Aksjer og andeler	7	386 070 828	363 616 035
2. Obligasjoner		102 995 970	109 335 163
3. Sertifikater		-	-
4. Derivater	8	-	-
III. Kortsiktige fordringer		579 181 467	1 046 074 292
1. Kundefordringer		81 974 211	508 592 141
2. Andre kortsiktige fordringer		369 426 996	248 777 882
3. Premieavvik	11	127 780 260	288 704 269
Sum eiendeler		17 476 845 262	16 625 131 013
EGENKAPITAL OG GJELD			
C. Egenkapital		2 473 843 882	2 052 152 707
I. Egenkapital drift		10 132 019	43 736 274
1. Disposisjonsfond		-	-
2. Bundne driftsfond	13	125 911 697	184 428 882
3. Merforbruk i driftsregnskapet	-	115 779 678	- 140 692 608
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet		-	-
II. Egenkapital investering		603 044 828	576 653 192
1. Ubundet investeringsfond		325 238 434	323 847 934
2. Bundne investeringsfond	13	277 806 394	252 805 258
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet		-	-
III. Annen egenkapital		1 860 667 035	1 431 763 241
1. Kapitalkonto	2	1 871 085 385	1 442 181 591
2. Prinsippendr. påvirkning arbeidskap. drift	3	- 10 418 350	-
3. Prinsippendr.påvirkning arbeidskap. investering	3	-	- 10 418 350
D. Langsiktig gjeld		13 695 383 322	13 802 925 055
I. Lån		7 706 073 571	7 625 667 360
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	9	4 756 361 041	3 251 482 360
2. Obligasjonslån		1 647 616 764	3 071 985 000
3. Sertifikatlån		1 302 095 766	1 302 200 000
II. Pensjonsforpliktelse	11	5 989 309 751	6 177 257 695
E. Kortsiktig gjeld	1	1 307 618 059	770 053 252
I. Kortsiktig gjeld		1 307 618 059	770 053 252
1. Leverandørgjeld		268 579 688	176 295 111

2. Likviditetslån	464 472 470	-
3. Derivater	-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	573 731 711	587 834 258
5. Premieavvik	834 190	5 923 883
Sum egenkapital og gjeld	17 476 845 262	16 625 131 013
F. Memoriakonti	0	0
I. Ubrukte lånemidler	524 673 869	752 588 976
II. Andre memoriakonti	-	-
III. Motkonto for memoriakontiene	- 524 673 869 -	752 588 976

Bevilgningsoversikt - drift §5-4, 1. ledd

	Regnskap 2021	Buds(end) 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2020
1 Rammetilskudd	1 761 218 926	1 714 248 000	1 692 766 000	1 735 662 875
2 Inntekts- og formueskatt	2 306 454 287	2 261 000 000	2 127 645 000	2 040 404 510
3 Eiendomsskatt	127 376 043	128 255 000	123 357 000	113 206 707
4 Andre generelle driftsinntekter	176 584 701	119 033 000	135 662 000	262 499 039
5 Sum generelle driftsinntekter	4 371 633 957	4 222 536 000	4 079 430 000	4 151 773 132
6 Sum bevilgninger drift, netto	4 346 470 406	4 171 771 800	3 899 374 000	4 242 930 724
7 Avskrivninger	122 856 431	122 916 000	91 427 000	116 874 186
8 Sum netto driftsutgifter	4 469 326 837	4 294 687 800	3 990 801 000	4 359 804 910
9 Brutto driftsresultat	- 97 692 880	72 151 800	- 88 629 000	- 208 031 778
10 Renteinntekter	100 569 718	101 366 000	38 366 000	127 585 678
11 Utbytter	23 604 571	22 518 000	30 900 000	26 190 588
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	47 950 156	22 155 000	22 155 000	14 183 553
13 Renteutgifter	85 846 676	90 157 000	88 157 000	118 995 223
14 Avdrag på lån	109 343 515	115 325 000	162 325 000	119 195 749
15 Netto finansutgifter	- 23 065 746	- 59 443 000	- 159 061 000	- 70 231 153
16 Motpost avskrivninger	122 856 431	122 916 000	77 899 000	116 874 186
17 Netto driftsresultat	2 097 805	8 678 800	- 7 467 000	- 161 388 745
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
18 Overføring til investering	- 35 671 819	- 13 300 000	- 13 300 000	-
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	58 486 943	21 978 800	5 833 000	- 51 811 363
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-	-	116 371 715
20 Dekning av tidligere års merforbruk	- 24 912 930	-	-	-
21 Bruk av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
22 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	- 2 097 805	8 678 800	- 7 467 000	64 560 352
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		-	-	96 828 393

Bevilgningsoversikt drift, §5-4, 2. ledd

Stab og kommunalområder	Regnskap 2021	Buds(end) 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2020
10 Kommunedirektørens staber	303 917 444	334 834 999	330 684 129	296 818 172
20 Helse og omsorg	1 003 314 648	992 298 512	909 821 762	972 248 732
30 Velferd og sysselsetting	688 328 179	659 915 031	629 869 000	626 714 930
40 Opplæring	1 422 198 835	1 361 276 013	1 453 337 013	1 506 964 239
50 Barn, familie og integrering	372 883 752	353 644 598	330 783 000	370 893 038
60 Kultur og medborgerskap	104 484 632	105 984 749	131 600 000	130 683 477
70 Miljø, by- og stadsutvikling	100 965 242	94 847 900	86 134 000	87 935 833
SUM KOMMUNESTYRETS BEVILGNING	3 996 092 732	3 902 801 802	3 872 228 904	3 992 258 421
Sum korrigert bevilgning	350 377 674	268 969 998	27 145 096	250 672 303
Sum bevilgning §5-4, 1- ledd	4 346 470 406	4 171 771 800	3 899 374 000	4 242 930 724

Korrigert bevilgning innenfor stab og kommunalområder (område 10-70), samt frie inntekter (område 90):
(teknisk tilpasning for å få riktig sammenheng mellom §5-4, 1. ledd og 2. ledd)

Eliminering arter på ansvar 10-70	- 64 582 489 -	18 285 743 -	33 255 000 -	35 782 850
500 RENTEUTGIFTER, PROVISJONER OG ANDRE FI	85 667	75 000	75 000	120 012
550 AVSETNINGER TIL BUNDNE FOND	64 710 767	6 563 000	5 656 000	53 115 925
810 ANDRE STATLIGE OVERFØRINGER	-43 492 753	-12 424 943	-27 497 000	-61 723 570
900 RENTEINNTEKTER	-204	0	0	-10 976
940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND	0	0	0	-1 450 000
950 BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND	-85 885 966	-12 498 800	-11 489 000	-25 834 241
Eliminering av arter på ansvar 90	414 960 163	287 255 741	60 400 096	286 455 153
10 FASTLØNN	598 780	0	0	-5 652 221
20 LØNN TIL VIKARER	-9 372	0	0	0
30 LØNN TIL EKSTRAHJELP	-2 068	0	0	0
50 ANNEN LØNN OG TREKKPLIKTIGE GODTGJØRE	104 343	0	0	0
75 LØNN RENHOLD	0	0	0	-16 672
90 PENSJONSINNSKUDD OG TREKKPLIKTIGE FOR	-110 915 820	0	0	12 881 472
99 ARBEIDSGIVERAVGIFT	-15 213 865	0	0	1 531 061
100 KONTORMATERIELL	0	0	0	-5 997
115 MATVARER	0	0	0	-5 200
120 SAMLEPOST ANNET FORBRUKSMATERIELL,RÅ	87 986 560	65 945 000	0	37 120 641
130 POST, BANKTJENESTER, TELEFON, INTERNETT,	2 137 716	2 000 000	2 000 000	2 678 415
140 ANNONSE, REKLAME, INFORMASJON	0	0	0	-19 980
150 OPPLÆRING, KURS	0	0	0	-46 708
170 TRANSPORT/DRIFT AV EGNE OG LEIDE TRANS	0	2 000 000	0	-1 239 841
180 STRØM	-182 699	0	0	-911 322
181 FJERNVARME/FJERNKJØLING	0	0	0	199 077
185 FORSIKRINGER, VAKTHOLD OG SIKRING	2 055 045	93 000	93 000	1 115 473
190 LEIE AV LOKALER OG GRUNN	-2 242 459	-2 790 000	0	149 998
195 AVGIFTER, GEBYRER, LISENSER O.L.	1 260 318	97 000	97 000	163 907

200 KJØP OG FINANSIELL LEASING AV DRIFTSMIDL	28 750	0	0	-5 792
210 KJØP OG LEIE AV TRANSPORTMIDLER	0	0	0	-531 806
220 LEIE AV DRIFTSMIDLER	53 215	0	0	-6 584
230 VEDLIKEHOLD, BYGG-/ANLEGGSTJENESTER OG	0	0	0	7 386 769
240 SERVICEAVTALER, REPARASJONER OG VAKTM	44 190	0	0	-32 877
250 MATERIALER TIL VEDLIKEHOLD,PÅKOSTNING I	0	0	0	-4 890 879
270 ANDRE TJENESTER (SOM INNGÅR I EGENPROJ	967 145	739 851	177 151	845 694
370 KJØP FRA ANDRE	0	2 456 000	2 456 000	172 004
380 KJØP FRA ANDRE REGNSKAPSENHETER SOM II	378 310 396	377 519 402	180 826 000	209 289 557
429 MERVERDIAVGIFT SOM GIR RETT TIL MVAKOM	814 051	0	0	2 009 275
430 OVERFØRING TIL FYLKESKOMMUNER	19 819 586	1 271 000	1 271 000	20 124 536
470 OVERFØRING TIL ANDRE (PRIVATE)	8 290 657	11 083 000	11 083 000	5 854 027
480 OVERFØRING TIL ANDRE REGNSKAPSENHETER	0	221 000	221 000	0
490 RESERVERTE BEVILGNINGER/AVSETNINGER	0	-110 190 553	-95 457 553	0
620 ANNET SALG AV VARER OG TJENESTER, GEBYF	-147 864	0	0	-154 887
630 HUSLEIEINNTEKTER, FESTEAVGIFTER, UMLEIE /	-1 417 610	0	0	0
640 AVGIFTSPLIKTIG GEBYRER	-1 000	0	0	2 372
700 REFUSJON FRA STATEN	0	-7 172 502	-1 216 502	0
710 SYKELØNNSREFUSJON	-3 639 017	0	0	0
729 KOMPENSASJON MOMS PÅLØPT I DRIFTSREG	1 071 674	0	0	-2 026 142
770 REFUSJON FRA ANDRE (PRIVATE)	-814 051	0	0	0
775 REFUSJON FRA IKS DER KOMMUNEN/FYLKESK	-246 991	0	0	-3 250 000
780 SALG TIL ANDRE REGNSKAPSENHETER SOM IN	0	-2 406 000	-2 406 000	-375 971
830 OVERFØRING FRA FYLKESKOMMUNER	-781 901	0	0	-210 883
850 OVERFØRING FRA KOMMUNER	-105 442	0	0	-899 250
890 OVERFØRINGER FRA ANDRE (PRIVATE)	-258 250	0	0	-783 092
899 KORRIGERT BEVILGNING	47 396 146	-53 610 457	-38 744 000	5 996 979

BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING §5-5 første ledd

	Regnskap 2021	Rev. Budsj. 2021	Oppr. Budsj. 2021	Regnskap 2020
1 Investeringer i varige driftsmidler	287 645 004	277 182 000	483 797 000	425 743 539
2 Tilskudd til andres investeringer	2 242 010	-	-	9 030 462
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	10 609 735	9 725 000	-	25 362 119
4 Utlån av egne midler	288 268 713	368 943 000	160 000 000	10 783 730
5 Avdrag på lån	139 822 578	137 140 000	-	126 531 477
6 Sum investeringsutgifter	728 588 041	792 990 000	643 797 000	597 451 327
7 Kompensasjon for merverdiavgift	13 955 786	15 021 400	32 454 400	28 977 491
8 Tilskudd fra andre	28 331 593	7 620 000	4 320 000	119 504 977
9 Salg av varige driftsmidler	170 162	-	-	16 000
10 Salg av finansielle anleggsmidler	2 500	25 000	-	807 500
11 Utdeling fra selskaper	-	137 140 000	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	140 269 218	621 283 600	-160 000 000	140 131 477
13 Bruk av lån	512 891 478	781 090 000	764 822 600	299 626 064
14 Sum investeringsinntekter	695 620 737	781 090 000	641 597 000	589 063 509
15 Videreutlån	127 364 229	167 000 000	-	101 145 602
16 Bruk av lån til videreutlån	127 364 229	167 000 000	-	101 145 602
17 Avdrag på lån til videreutlån	56 885 568	80 000 000	-	37 397 408
18 Mottatte avdrag på videreutlån	80 542 446	80 000 000	-	77 816 014
19 Netto utgifter videreutlån	- 23 656 878	-	-	- 40 418 606
20 Overføring fra drift	35 671 819	11 900 000	2 200 000	-
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	- 24 970 893	-	-	- 37 543 000
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	- 1 390 500	-	-	6 656 461
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	- 1 144 249
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	9 310 425	11 900 000	2 200 000	- 32 030 788
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	-	-	-	-

BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING §5-5 andre ledd

Prosjekt		Regnskap 2021	Rev. Budsj. 2021	Oppr. Budsj. 2021	Regnskap 2020
	Sum investering i varige driftsmidler	289 887 015	277 182 000	483 797 000	434 758 001
	10 Kommunedirektørens staber	39 906 889	36 560 000	43 013 000	28 785 491
	1200 Teknologi og innovasjon	14 626 605	16 575 000	18 575 000	16 119 076
10049	Digitale Kanaler	0	0	0	173 669
80010	IKT	0	12 000 000	12 000 000	14 171 877
80129	Smartby lab	0	0	0	682 500
80130	Fiberutbygging	957 037	0	0	1 091 031
80131	IKT sammenslåingskommuner	1 929 661	2 875 000	4 375 000	0
80132	Digital kommunikasjonsinfrastruktur	0	1 200 000	1 200 000	0
80133	Plattformer dataforvaltning, robotisering og kunstig intelligens	0	500 000	1 000 000	0
80142	Strategisk utvidelse av kommunens nettverk ved mulighet	297 598	0	0	0
80144	Scanning papirarkiv	408 265	0	0	0
80145	Programvare arkiv	1 185 075	0	0	0
80147	PC`ar tilsette	8 556 300	0	0	0
80148	PC og brett i skule	1 292 670	0	0	0
	1300 Strategi, samfunns- og næringsutvikling	25 105 647	19 685 000	39 138 000	11 750 339
80014	111 Forskuttering Bypakken Ålesund kommune, 2020 (inkl. objekt	664 295	6 925 000	25 000 000	7 989 354
80046	BRM: Bysykler i Ålesund 2018-0105	618 347	700 000	4 238 000	0
80048	BRM: Tilsagn 2017-0137	13 403 570	11 360 000	0	2 926 683
80049	BRM: Prosjektleder BRM- og byrom Tilsagn 2019-0044 og 2019-0045	0	0	4 750 000	793 269
80135	Byen som regional motor - byrom med planlegging og opparbeiding-	0	700 000	5 150 000	0
80137	Ladepunkt til bildelingsordning i Ålesund	1 838 474	0	0	41 032
91000	Utbedring kryss Hatlasvingen	4 756 625	0	0	0
95011	2 Kollektivterminal - gateterminal Keiser Wilhelmsgt	1 488 970	0	0	0
95041	4 Miljøgate Campus - med rundkjøring og ny GS-bru	38 449	0	0	0
95082	7-761-2 Intensivbelysning Setrevegen (TS-tiltak 1)	49 187	0	0	0
95083	7-761-1 Intensivbelysning Volsdalsbakken (TS-tiltak 1)	224 618	0	0	0
95101	7-762 Fortau Ytre Hessen (frå skulen) (TS-tiltak 2)	50 726	0	0	0
95131	7-764 Myrlandsvn. Fortau, del 1 (TS-tiltak 4)	30 885	0	0	0
95151	7-765 TS-tiltak skuleveg Aspøy skule og sentrum, mindre tiltak (TS-til	30 885	0	0	0
95241	7-704 Sykkelveg Skarbøvika, fra Tonningsgt. - Steinvågbrua (Sykkeltil	91 728	0	0	0
95252	7-731-1 Bussholdeplass Spjelkavikvegen - Vasstrandvegen (kollektivt	178 513	0	0	0
95271	7-732 Hessafjordvn - Slinningen med snuplass (Kollektivtiltak 2)	125 336	0	0	0
95331	8 Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	36 175	0	0	0
95371	11-112 Kommunikasjon	505 974	0	0	0
95381	11-113 Planlegging av sykkeltiltak - Kommune	383 170	0	0	0
95401	11-114 Planlegging av kollektivtiltak - Kommune	374 984	0	0	0
95421	11-115 Planlegging av TS-tiltak - Kommune	330 387	0	0	0
99020	Div. Korrigeringer	-115 650	0	0	0
	1400 Kommunedirektøren	0	300 000	-14 700 000	916 076
10066	Prosjektmidler 2020	0	0	0	916 076
80014	111 Forskuttering Bypakken Ålesund kommune, 2020 (inkl. objekt	0	0	-15 000 000	0
80134	Investeringar rådhusdrift	0	300 000	300 000	0
	1415 Politisk sekretariat	174 638	0	0	0
80160	Valgutstyr	174 638	0	0	0
	20 Helse og omsorg	712 104	1 125 000	1 125 000	0
	2103 Hatlane omsorgssenter	0	1 125 000	1 125 000	0

82001	Etablering av skjerma plassar ved Hatlane omsorgssenter	0	1 125 000	1 125 000	0
	2400 Førebygging og meistring	712 104	0	0	0
82002	Varebil UF91486	712 104	0	0	0
	30 Velferd og sysselsetting	314 365	625 000	625 000	760 018
	3300 Måltid og ernæring	314 365	625 000	625 000	760 018
80052	Utstyr	314 365	625 000	625 000	760 018
	40 Opplæring	228 431	0	0	354 168
	4000 Fagstab opplæring	0	0	0	214 717
84001	Utstyr oppvekst	0	0	0	214 717
	4208 Hatlane skole	228 431	0	0	0
84002	Hatlane skole - anskaffelse bil UF81758	228 431	0	0	0
	4225 Nordøyane skular	0	0	0	139 451
84001	Utstyr oppvekst	0	0	0	139 451
	60 Kultur og medborgerskap	919 000	3 150 000	2 650 000	9 244 955
	6000 Fagstab kultursupport	850 000	0	0	9 014 462
60002	Spillemiddelfond	850 000	0	0	9 014 462
	6300 Kultur og fritid	69 000	3 150 000	2 650 000	230 493
60035	Moa Svømmehall	0	0	0	54 375
80044	Moa svømmehall, nytt ventilasjonsanlegg og oppgradering garderob	0	0	0	176 118
86000	Parken Kulturhus - Inventar	69 000	3 150 000	2 650 000	0
	70 Miljø, by- og stadsutvikling	247 806 225	235 722 000	435 884 000	395 613 370
	7000 Fagstab miljø, by- og stadutvikling	5 011 589	9 200 000	21 200 000	572 413
80014	111 Forskuttering Bypakken Ålesund kommune, 2020 (inkl. objekt	0	3 000 000	0	0
80036	Lukking deponi Gangstøvika	609 510	1 000 000	15 000 000	167 788
80042	Borgundfjordprosjektet	4 402 079	5 200 000	6 200 000	404 626
	7100 Vatn og avløp	179 941 222	157 200 000	276 150 000	283 067 480
80009	Kjøp av biler	0	0	-500 000	171 661
80025	Vann - kildebeskyttelse, sikring av nedslagsfelt - grunnerverv	0	0	0	112 009
80054	Oppgradering Brenthaugen	0	0	0	2 542
87101	Generelle investeringar VA 2020-2021	17 119 913	42 000 000	71 150 000	30 838 914
87102	Fornyng av avløpsrenseanlegg 2020-2021	6 153 757	11 000 000	11 000 000	4 886 909
87103	Leidningsfornyng og separering (VA) 2020-2021	81 547 524	86 000 000	91 300 000	102 092 971
87105	Sanering av kommunale direkteutslepp (Avløp) 2020-2021	2 658 101	5 000 000	23 200 000	9 993 482
87160	Nytt vassbehandlingsanlegg / reservevassforsyning / Brusdalsvatnet	10 950 775	8 000 000	40 000 000	31 396 438
87161	Felles avløpsrenseanlegg på Kvasnes, Sula kommune	6 486 172	7 000 000	40 000 000	6 293 831
87202	Gjerdsleet - Nytt høgdebasseng - Vatn	190 937	0	0	0
87203	Martinusplassen - Ny vassleidning/trykkøkning - Vatn	38 700	0	0	0
87204	Vatnedalen - Rehabilitering av høgdebasseng - Vatn	197 202	0	0	0
87205	Valgermo - fornyng pumpestasjon - Avløp	222 497	0	0	0
87206	Bjørkereitane - Nye VA-leidningar - VA	2 017 280	0	0	0
87208	Tennfjord - Styng Mulen høgdebasseng - Vatn	145 801	0	0	0
87209	Austnes - Nytt høgdebasseng og avløpsleidning - VA	3 000 815	0	0	0
87210	Skarbøvika sør - Ny strømforsyning til PA203 - Avløp	308 101	0	0	0
87211	Austnes - Nye VA-leidningar, G/S-veg Ullavegen - VA	35 470	0	0	0
87212	Storgata 25 - Ombygging kontorlokaler VA	140 424	0	0	0
87213	Emblemshaugen - Utbyggingsavtale - VA	296 467	0	0	0
87214	Sikring nedslagsfelt drikkevannskilde - Grunnerverv - Vatn	773 686	0	0	0
87215	Emblem - ny hovedvannledning langs fylkesvegen	16 247	0	0	0
87301	Utbyggingsavtaler, anleggsbidragsmodellen 2020-2021	12 773 615	-1 800 000	0	40 944 026
87310	Lille Nørve - Leidningsfornyng - VA	101 888	0	0	0

87311	Skutvika - PA207 Rehabilitering - Avløp	888 591	0	0	0
87312	Ratvika, PA416 Prinsen - Fornying leidningsnett NoDig - Avløp	3 432 223	0	0	0
87313	Hjelldalen - Leidningsfornying - VA	2 664 250	0	0	0
87314	Fjellgata 18 - Leidningsfornying - VA	25 750	0	0	0
87315	Løvika - Samordning Mørenett - Leidningsfornying - VA	1 227 310	0	0	0
87316	Bøgata/Kolvikbakken - Leidningsfornying - VA	56 640	0	0	0
87317	Hatlasvingen/Borgundvegen - samordning mrfylke VA	4 007 478	0	0	0
87318	Snopnesvegen - Leidningsfornying - VA	168 074	0	0	0
87319	Hatlaskaret - Ledningsfornying VA	2 023 555	0	0	0
87321	Gamle skoleplass - Leidningsfornying - Avløp	549 430	0	0	0
87400	Åse - RA4 Luktreduksjon - Avløp	249 200	0	0	0
87401	Aspøya - RA2 oppgradere anlegg - Avløp	923 578	0	0	0
87430	Humla - Ny slamavskiljar - Avløp	227 388	0	0	0
87431	Kvennaneset - Sanering av utslepp U35 - Avløp	1 967 250	0	0	0
87432	Vik - RA10 Slamavskiljar - Avløp	87 099	0	0	0
87433	Vaksvik - RA Slamavskiljar - Avløp	118 125	0	0	0
87450	Teknisk anlegg mva-justering	16 149 909	0	0	55 961 398
87839	Måsvikremma Syd - VEG/VA - Sandøy	0	0	0	373 300
	7200 Veg,grønt og anlegg	57 422 881	64 172 000	135 350 000	110 598 607
80048	BRM: Tilsagn 2017-0137	0	0	0	80 000
80050	Forurensa grunn - Gassverktomta	263 494	2 000 000	9 500 000	1 478 645
86848	Trafikksikring Nordre	0	0	6 250 000	0
87000	Veg Kyrkjeskaret	0	0	0	150 000
87505	Arbeidsbiler - VGA	0	0	0	778 069
87506	Lastebiler - VGA	2 820 369	4 500 000	4 500 000	3 846 795
87510	Beredskapsmateriell - VGA	0	0	0	215 800
87600	Grunnerverv VGA	869 270	1 000 000	1 000 000	2 491 219
87601	Gatelys - VGA	3 835 423	5 500 000	5 500 000	2 140 291
87602	Samordningsprosjekt utbyggarar - VGA	1 529 418	0	0	5 755 044
87603	Hovudplan veg	5 643 485	19 000 000	23 000 000	9 179 319
87604	Oppgradering av grønnanlegg - VGA	3 891 191	2 000 000	2 000 000	5 836 597
87605	Avslutning utbyggingssaker - VGA	102 465	0	0	395 518
87606	Overvann - VGA	0	0	0	736 692
87607	Material og utstyr - VGA	82 797	0	0	2 221 621
87608	Fjellsikring - VGA	0	0	0	1 110 838
87609	Leikeplassar - VGA	456 934	1 000 000	3 000 000	1 658 833
87610	Forebyggingsarbeid Niklaelva, Søvik - VGA	8 934	272 000	0	401 441
87611	Samordningsprosjekt kabel - ledningar - VGA	7 966 832	0	0	5 960 514
87612	Krisemidler 2020 - VGA	1 220 425	0	0	3 775 551
87613	Prinsippsak Ellingsøy - VGA	0	0	0	200 000
87614	Statleg sikra friluftsområde - Eigenandel - VGA	515 765	0	0	0
87615	Utbetring av skadar på Terøy bru, Søvik - VGA	0	0	6 000 000	0
87616	Oppgradering av veganlegg, Hovudplan indre/nordre	8 333 466	8 000 000	12 000 000	0
87617	Eigenandel spelemidler og oppgradering av grønntanlegg - VGA	62 188	3 000 000	3 000 000	0
87618	Statleg sikra friluftsområde - Eigenandel - VGA	0	350 000	2 000 000	0
87700	Veg	0	0	0	200 000
87701	Gamle Rollonbana - VGA	231 678	0	0	4 914 079
87702	Trafikksikring ytre - VGA	10 869 561	7 000 000	4 500 000	3 732 050
87703	Nedregotten - VGA	694 331	0	0	304 362
87704	Tursti Ytre - VGA	5 129 978	5 000 000	5 000 000	10 258 843
87705	Fortau Grønebelgvegen - VGA	216 000	0	0	0
87707	Spjelkavik sentrum - Intensiv belysning - VGA	0	0	0	742 381
87709	Nedre Utstillingsplas - Torg/park/amfi VGA	189 050	0	0	200 000
87713	Luftkvalitet - Overvåking, titlak VGA	0	0	0	9 322

87715	Lerstadvegen - Moa - busspassasjen VGA	0	0	0	2 130
87716	Trafikktiltak Ålesund VGA	30 160	0	0	74 834
